



Svein Rimestad vart den nye leiar for Røysterett for alle. Her står han til venstre under ei øving. Til høgre Kjell Sigbjørn Røssland og Steinar Naterstad (nestleiar). (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det nye styret for Røysterett for alle har no konstituert seg og Svein Rimestad vart vald til leiar. Oddveig Blomdal Rørvik er kasserar, Steinar Naterstad nestleiar, Anne C. Bogegård skrivar og Venke Vetrhus styremedlem.**

Lars-Henrik Skogtun takka for seg som leiar under årsmøtet for kort tid sidan etter det han kalla "eit forrykande år". Han fann det naturleg at andre "tar eit tak" etter at han hadde vore leiar i fire år.  
- Og så er det kanskje naturleg at leiinga ikkje lenger befinn seg i Herøysund, men i "basen" Uskedalen, har han sagt til uskedalen.no med eit glimt i auga.

Det populære koret har for tida 37 medlemmer.

No er planleggjinga av jubileumsforestilling i Husnes 29. mars og jubileumstur til Latvia frå 17. til 21. april godt i gang.

Av Ola Matti Mathisen